



Arkoconsult AS
PB. 103
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1374 - 17/24785

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
04.09.2017

Førebels svar på søknad om mellombels bruksløyve for infrastruktur - gbnr 137/188 Alver

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Tidspunkt for ferdigstilling av tiltaket.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 18.09.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Anna

Gitt løyve til etablering av infrastruktur datert 01.07.2016, omfattar opparbeiding av veg, avkjørsler, anlegg for vatn og avløp, leikeområde, støyskjerm, oppstillingsplass for buss og post og parkeringsareal. Vi gjer merksam på at det er knytt rekkefølgjekrav til ferdigstilling av leikeplassen (punkt 1.4.1) og gatetun/kjørbar gangveg (punkt 1.4.3) og at det ikkje kan gjevast mellombels bruksløyve for bustadar innanfor området før rekkefølgjekravet er oppfylt.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bolig & Eiendom AS

Stølen 26

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Arkoconsult AS

PB. 103

5281

VALESTRANDSFOSSEN